

## **Biskopen og bispedømerådets nyårsmottaking torsdag 16. januar 2025**

**Velkomen v/ Oddny I. Miljeteig, leiar for Bjørgvin bispedømeråd**

### *NYÅRSYNSKE*

*Gud gjeve vi alle saman må  
fred og lykke og hugnad få,  
og tru det beste om alle mann,  
og gagna oss sjølv og folk og land,  
og elska som sysken kvar mann og møy,  
og leva so vel at vi godt kan døy,  
og standa med grannom i broderlag,  
det ynskjer Dølen på nyårsdag.*

Aasmund Olavsson Vinje, også kalla Dølen etter vekebladet han stifta og gav ut i det førre førre hundreåret. Noregs fyrste moderne journalist- på Guds eige mål!

På Guds eige mål: Meir himmel på jord! Den norske kyrkja sin visjon som oftast fortonar seg meir som ein utopi enn som ein visjon. Men utan utopi, berre ein blodfattig visjon! Meir himmel på jord! Såpass må me ta i, me som torer å vera på Jesus sitt lag. Under den himmelen som Skaparen så allveldig kvelvar oss, så kan me ikkje mindre mål ha enn meir himmel på jord. Ikkje av eiga makt og handlekraft, men med Guds hjelp.

2025 er så vidt starta. Det er våpenkvile mellom Israel og Hamas – og dei. For bodno, sivilbefolkninga og oss alle, våpenkvile. Ei skjør våpenkvile, skjørare jamvel enn dei eldgamle julekulene mannen min og eg tok ned av juletreet i går, tjueto dagar etter julaftan. Men det er ei von i det skjøre. «There`s a crack in everything, that is how the light gets in» - Leonard Cohen.

Frå våpen til ord, det er det ei våpenkvile handlar om. Ordet som tok bustad i blant oss, og som dei teologisk sprenglærde, og dei er mange her i Domkyrkja, kan utleggja mange preiker om. Her i kveldinga skal me fyrst og fremst høyra biskopen sin nyårstale, og den har eg gledd meg til i vekevis, for å leggja litt ekstra press på biskop Ragnhild. Med på veggen torer eg, ei lekkvinne, å gje oss alle sjølvaste diktet Ordet av Tor Jonsson som ingen nærare presentasjon treng:

Kva hjelp det å syngje  
som elv i det aude?  
Kva hjelp det å kyngje  
med klokker for daude?

Kva hjelp det å skapa  
all venleik i verda,  
når Ordet lyt tapa  
for svolten og sverda?

Slik undrast og spør vi  
I modlause stunder.  
Men hugse det bør vi:  
Eit ord er eit under.

Dei gløymest dei gjæve  
og alt det dei gjorde.  
Men livet er æve.  
Og evig er ordet.

Hjarteleg vel komne til nyårsmottaking!